

PU - arbeid, 3A - deltid

# Stimulerer Storyline til aktiv læring?

- Vert det tilpassa opplæring ut ifrå ulike læringsstilar og evnenivå?
- Verkar det motiverande for elevane å arbeide slik?
- Kan Storyline vere med på å fremje eit positivt læringsmiljø?
- Vil elevane undre seg undervegs i prosessen, eller vil dei "vente på å få svara" slik dei kanskje er vane med?



2010

## Føreord

Dette pedagogiske utviklingsarbeidet er utarbeidd ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, avdeling for lærarutdanning og idrett hausten 2010. Vi er tre studentar frå ulike delar av fylket som har stått for utarbeidinga og gjennomføringa av dette PU arbeidet. I dette utviklingsarbeidet har vi sett nærare på tema kring arbeidsmetode og aktiv læring.

Den praktiske gjennomføringa av utviklingsarbeidet har vi hatt ved Nordstranda skule i Gloppen. Gjennomføringa har føregått i 7.klasse. Både skulen, lærarar foreldre og elevar var svært imøtekomande og har gitt løyve til å nytte elevsvar og bilde i denne rapporten.

Vi vil med dette takke skulen, ved rektor Thor Horntvedt, for at vi fekk kome, og viste velvilje med omsyn til bruk av materiell og dekking av kostnader. Vi vil takke øvingslæraren, Anders Hole, for god rettleiing og støtte i gjennomføringsperioden. Vi vil også takke elevane som deltok i utviklingsarbeidet, som gjorde det mogeleg for oss å gjennomføre det. Takk også til foreldre/føresette som har godkjent bruk av bilete og evalueringsskjema i rapporten vår. Vi takkar og for at vi fikk bruke Karnilstunet til gjennomføring av deler av arbeidet og for løyve til å dele informasjon om denne unike staden. Dette sette vi stor pris på! Til slutt vil vi takke for god rettleiing frå rettleiaren vår ved lærarutdanninga i Sogndal.

Tusen takk alle saman!

Kirsten S. Strand

Anita Øvreås Rusken

Jorunn E.V. Kvernevik



Nordstranda Skule

*”Det er netop metodens idé, at eleverne får udfordret deres forestillinger, deres nuværende viden med henblik på at tilegne sig ny viden. Et storylinearbejdførløb er altså ikke en måde at vise det lærte på, men en måde at lære på” (Falkenberg & Håkonsson, 2000, s. 31).*

## Innhold

Innhold.....	3
1. Innleiing .....	4
2. Teori.....	5
2.1 Avklaring av omgrep.....	5
2.2 Kva er Storyline?.....	6
2.3 Uteskule.....	7
2.4 Kunnskapsløftet.....	8
2.4.1 Aktuelle læreplanar .....	8
2.5 Aktuelle teoretikarar i samband med storylinemetoden.....	9
2.6 Rammefaktorar.....	11
2.7 Den didaktiske relasjonsmodellen.....	12
3. Metode for informasjonsinnhenting og observasjon.....	12
3.1 Val av metode til PU – arbeidet vårt .....	12
3.1.1 Spørjeskjema .....	12
3.1.2 Observasjon .....	12
4. Tilrettelegging på førehand .....	13
5. Gjennomføring .....	13
5.1 Den praktiske gjennomføringa .....	13
5.2 Vurdering av gjennomføringa.....	19
6. Drøfting, analyse og observasjonar .....	20
6.1. Resultat frå undervegsvurdering.....	20
6.2. Resultat frå evalueringskjema .....	21
6.3 Svar på underspørsmål .....	22
6.4 Variasjon av arbeidsmetodar .....	23
6.5 Observasjonar.....	23
7. Oppsummering og konklusjon .....	24
8. Litteraturliste.....	26
9. Sjølvvalt pensum .....	27
10. Oversikt over vedl.....	27

## 1. Innleiing

Vi bestemte ganske tidleg i prosessen at vi ville gjennomføre utviklingsarbeid knytt opp mot arbeidsmetoden Storyline. Dette var ein metode vi alle synest verka spanande og ingen av oss hadde jobba med den tidlegare. Vi hadde tidlegar høyrte metoden vore nemnd i bisetningar som positive prosjekt ved andre skular. Når vi no fekk sjansen til å prøve den ut sjølve tok det ikkje lang tid å bestemme seg.

Gjennom erfaringar i rolla som lærarar har vi sett at det kan vere utfordrande å klare å stimulere alle elevane til å vere aktive. Både læreplanar og ulike læringsteoriar hevdar at eleven må vere aktiv for å lære. Læring er ein prosess der elevane sjølve må konstruere sin eigen kunnskap. Når vi undersøkte meir om metoden fann vi at det er ein elevaktiv og tverrfagleg metode, noko som appellerte til oss. Vi ville finne ut meir om metoden og skaffe oss erfaringar med den. Vi fann og ut at det var få andre som hadde arbeidd etter denne metoden. Ved å setje den ut i praksis kunne vi tilføre andre noko nytt, og slik vere med på å utvikle og auke mangfaldet i metodebruk i skulen. Problemstillinga vi valde for utviklingsarbeidet vart dermed følgjande:

### ***”Stimulerer Storyline til aktiv læring?”***

Undervegs ønskte vi å finne svar på:

- *Blir det tilpassa opplæring utifrå ulike læringsstilar og evnenivå?*
- *Verkar det motiverande for elevane å arbeide slik?*
- *Kan storyline vere med på å fremje eit positivt læringsmiljø?*
- *Vil elevane undre seg undervegs i prosessen, eller vil dei ”vente på å få svara” slik dei kanskje er vane med?*

Vi skaffa oss informasjon om metoden ved å låne faglitteratur om emnet på biblioteket og ved å søkje på internett <http://storyline.prosjekter.linpro.no/kvikompkurs/hvaerstoryline>.

Høgskulen i Vestfold sine sider viste seg også å vere ein god ressurs på nettet. (<http://www-lu.hive.no/storyline/>) med mykje gode idear.

Vi tenkte lenge på å gjennomføre heile arbeidet ute, då mange av eksempla på Storyline føregjekk ute. Vi enda til slutt med å kombinere undervisning ute og inne, mest av reint praktiske grunnar.

## 2. Teori

### 2.1 Avklaring av omgrep

Før vi går vidare med rapporten vil det vere nyttig å finne ut kva som ligg i omgrepa: **læring, aktiv læring, tilpassa opplæring, motivasjon og positivt læringsmiljø**. Psykologiske grunntankar (Egedius 1987:151) gir denne definisjonen av læring : ”*Læring, danning av nye reaksjonsmønstre eller forandring av tidlige reaksjonsmønstre, ut fra erfaring eller planmessig øving. Begrepet reaksjonsmønster har fått en meget vid definisjon. Det dekker ulike fenomener som det å oppfatte, tenke, synes og føle – ikke bare ferdigheter og ytre atferd.*” (Aasebø & m.fl., 2000-2002).

Jean Piaget har derimot ei relativ snever forståing av omgrepet læring, han ser på læring meir som lagring av kunnskap på grunn av ytre påverknad. Det skjer ein vekselverknad mellom sjølve påverknaden og det menneske gjer med påverknaden (Imsen, 2006). Lev Vygotsky er oppteken av at læring først og fremst kjem som eit resultat av samspel, og då særleg sosialt samspel. Han er også opptatt av bruk av språket i lærings- og utviklingsprosessen (Imsen, 2006).

Kva meiner vi så med omgrepet aktiv læring? John Dewey var mellom dei første til å leggje vekt på individet sin aktive medverknad i læringsprosessen. Han hevda at elevar ikkje lærer ved å bli påverka av ytre stimulering, men ved å *gjere* ting og hauste erfaringar av det ein gjer. På denne måten blir læring noko ein bidreg til sjølv gjennom aktivitet og handling (Imsen, 2006, s. 38).

I alle overordna styringsdokument for grunnskulen møter vi kravet om tilpassa opplæring. I kultur for læring ( Utdannings- og forskningsdepartementet, 2004) vert det slått fast at likeverdig, inkluderande og tilpassa opplæring er overordna prinsipp i skulen. Dette er dei mest sentrale omgrepa i Kunnskapsløftet. Prinsippet er at opplæringa skal tilpassast kvar enkelt elev. Sett i samanheng med tilpassa opplæring inneber det at undervisninga skal verte tilrettelagt med mål om å inkludere alle i ei felles, men differensiert opplæring, som gir alle elevar sjanse til å oppnå ei likeverdig allmennutdanning (Sandal, Storhaug, & Stålsett, 2009).

I Imsen blir omgrepet motivasjon definert som: ”...*det som forårsakar aktivitet hos individet, det som holder denne aktiviteten ved like og det som gir den mål og mening*” (Imsen, 2006, s. 375). Motivasjon er det omgrepet vi vanlegvis brukar når det dreiar seg om forholdsvise målretta handlingar. Årsakene kan vere av ytre- eller indre natur. Motivasjon av indre natur er når det er barnets egne eigenskapar og ønskjer som er drivkrafta til handlingane. Ytre motivasjon, derimot, vil seie at aktiviteten eller læringa vert halden ved like fordi individet ser utsikt til å oppnå ei løn eller eit mål som eigentleg er saka uvedkommande (Imsen, 2006).

Elevar må føle seg trygge og trivast for å kunne tileigne seg ny kunnskap. Det er difor viktig for dei at skulen utviklar eit positivt læringsmiljø. Omgrepet læringsmiljø omfattar alle dei institusjonelle og organisatoriske føresetnadane som skal bidra til eleven si læring. Det vil

seie fysisk, psykososialt og organisatorisk læringsmiljø (Buli-Holmberg & Ekeberg, 2009). *”Læring er en subjektiv proces, som andre ikke kan foretage for en. Man må sjølv lære”* (Falkenberg & Håkonsson, 2000, s. 43).

## 2.2 Kva er Storyline?

Storyline er ein opphavleg skotsk metode, utvikla av Steve Bell, Sallie Harkness og Fred Rendell. Metoden er elevsentrert og støttar opp under tverrfagleg undervisning. Dei skotske pedagogane lånte barna sin læringsstil frå leikeplassen og tilpassa den til klasserommet. Metoden har som eit av sine viktigaste kjenneteikn at elevane arbeider med fagstoffet for å skape ei forteljing. Storylinemetoden kan bli utført på ulike former: Klassisk storyline med fleirkulturell forståing som tema, storyline basert på ei skjønnlitterær barnebok og historisk storyline, der ein tek utgangspunkt i ein historisk epoke og lever seg inn i denne. (Sandal, Storhaug, & Stålsett, 2009)

Nokre hevdar at storyline både er ein filosofi og metode, fordi den avspeglar syn på kunnskap og læring, lærarrolle og elevrolle. Ein metode fordi det vert teke i bruk ein bestemt metodisk tilnærming, og ein strategi, fordi metoden gir ein meningsfull struktur for tilpassa opplæring, elevaktivitet og tverrfaglegheit /-fagintegrasjon. Metodisk startar ein storyline alltid med nøkkelspørsmål og skaping av eit minisamfunn eller eit miljø busett med ”levande vesen” knytt til det aktuelle temaet. Temaet vert forankra i tid og stad. Styrken i metoden vert den moglegheita til identifikasjon som ligg i denne kontekstvisualiseringa, og den motivasjonen som nettopp dette medfører (Solstad, 2005). Det mest karakteristiske med metoden er at undervisningsforløpet er bygt opp kring ei historie, ein forteljingsgong. Det gir storyline ulik vanleg prosjektarbeid (Falkenberg & Håkonsson, 2000). Metoden er tverrfagleg og undersøkjande arbeidsmetode, og kan nyttast på alle alderssteg. *”Storyline fremmer samarbeid og sosial kompetanse med sin helt spesielle utforming...på mellomsteget må det legges meir vekt på karaktertrekkene hos personene i ”storyen”, samt kommunikasjon, problemløsning og innhenting av informasjon”* (Nygaard, 2008, s. 16). Lærarar og elevar utviklar saman ei temaforteljing knytt til ei tidslinje. Gjennom arbeidsprosessen skaffar elevane seg ny faktakunnskap og ei ny forståing av emnet. Noko av det viktigaste er at *”metoden gir spesielt godt grunnlag for at elevene skal undre seg, reflektere og være aktive i sin egen læringsprosess”*. (Buli-Holmberg & Ekeberg, 2009, s. 165) På same tid skal elevane forholde seg til kvarandre i læringsgrupper, kalla ”familiegrupper”. (Nygaard, 2008) Arbeidet med storyline må *”baseres på den oppfattelse, at verden omkring os er mangfoldig og uhyre kompleks, og at barnet allereie har sin egen forestilling om, hvordan den fungerer”* (Falkenberg & Håkonsson, 2000, s. 45).

Læraren må innføre ei rekkje hendingar som gjer at elevane må reflektere, undersøkje saker og handle. Hendingane har to funksjonar: For det første å utfordre elevane til å røre ved det faglege og saklege ved temaet (læringspotensialet), og for det andre få historia til å fortsetje (kontekst for læring) (Falkenberg & Håkonsson, 2000). På same tid styrer læraren historia i ulike retningar med nøkkelspørsmål. Undervisninga må oppfordre til at elevane taklar problem, stiller spørsmål, dannar hypotesar og prøver dei ut. Vidare må dei presentere det dei har lært i gruppene til dei andre i klassen. Denne gjennomarbeidinga av kunnskap gjer at elevane får bruke fleire sider av seg sjølv enn ved tradisjonell klasseromsundervisning.

Undervisninga må være eksemplarisk i det å stille opne spørsmål, ikkje lukka, som forventar eitt rett svar. Elevane sin kunnskap og forslag til løysing må takast autentisk inn i arbeidet med emnet og dei må gjerast bevisst i kritisk bruk av kjelder. Undervisninga må òg vere eksemplarisk i det at elevane og lærarane sine oppfatningar og meiningar må grunnjevast. Læraren må kunne verdsetje elevane sine bidrag på det kunnskapsnivået dei er, samstundes som han motiverer elevane og rettleiar dei vidare i arbeidet med å søke ny innsikt. Her er læraren si rolle rettleiar, ikkje primært kunnskapsformidlar. Ein må vidare gi eleven rik anledning til å være aktiv i sin eigen læringsprosess, individuelt og i samhandling med andre. Undervisninga må også leggje til rette for at eleven skal kunne tileigne seg kunnskap og ferdigheiter som eit resultat av eiga tankeverksemd. Ein slik framgangsmåte vil skape læring (Falkenberg & Håkonsson, 2000). Vygotsky utvikla i si tid teorien om den proksimale utviklingssona. Det er nivået mellom grensa for kva eleven klarer med hjelp og støtte, og grensa for kva eleven kan klare aleine. Knytt til dette fann Bruner opp omgrepet "Scaffolding" (ref. Bruner s. 11, pkt. 2.5) (Imsen, 2006).

Storylinemetoden støttar differensiert undervisning ved den enkelte si læring, og at læringa skjer i ein sosial samanheng. Dette er i tråd med Dewey sin teori som seier at læring skjer i to samanhengar, individuelt og sosialt (Falkenberg & Håkonsson, 2000).

Solid planlegging er ein viktig føresetnad for eit vellykka resultat. Ofte vert det nytta eit skjema som grunnlag for planlegginga. Dette for å sikre overblikk og samanheng i gangen på storylinen. Desse skjema kan ha noko ulik utforming, men byggjer i prinsippet på didaktisk relasjonstenking. Dei didaktiske kategoriane i skjemaet synleggjer viktige avgjersler som må takast for å planleggje og kvalitetssikre læringsaktivitetane (Eik & Fauskanger, 2003), sjå vedl. nr. 1. Arbeidet skal munne ut i eit produkt som vert formidla og vurdert. Dette medfører at elevane konstruerer seg meiningar gjennom erfaring og handling (Solstad, 2005). Målet med metoden er at elevane ikkje skal bli lært, men utfordra (Falkenberg & Håkonsson, 2000).

### 2.3 Uteskule

Å flytte delar av opplæringa ut av klasserommet tyder ikkje at ein avviser klasserommet som læringsarena. Det utvidar perspektivet av læring og danning ved å ta i bruk "utvida læringsrom", og er forankra i læreplanen ved at skolen sin fysiske og sosiale omgjevnadar representerar ein ressurs som rommar kvalitetar ein med fordel kan nytte i opplæringa. Dette vert understreka i Læringsplakatens punkt 11 som seier at "*skolen skal leggje til rette for at lokalsamfunnet vert involvert i opplæringa på ein meningsfylt måte*" (Møller & Sundli, 2007, s. 199); (Kunnskapsdepartementet, 2006, s. 32). Målet kan vere å tilpasse opplæringa til elevane sin bakgrunn og føresetnad.

Å flytte undervisninga ut av klasserommet gir muligheiter for å ta i bruk andre arbeidsmåtar enn dei som vert nytta i klasserommet. Nokre sentrale tilnærmingar kan vere at skulen sin omgjevnad vert brukt som læringsarena til bruk av problemløysande, utforskande og praktiske aktivitetar. Desse tilnærmingane passar til uteaktiviteten vi hadde i Storylinen vår.

Vidare har uteskule danningsteoretiske implikasjonar som danning av det heile menneske, "hovud, hjarte og hand", gjennom eit samspel mellom teoretiske, praktiske og estetiske

kunnskaps- og læringsformer. Det er viktig at aktiviteten inne og ute har relasjon med kvarandre. Utanfor klasserommet finst mange ulike ”klasserom”. Premissane for aktivitetane, og for kommunikasjon og sosial handling vert endra i forhold til det vanlege klasserommet (Jordet, 2010). Vi meiner at vi fekk med oss mange av desse elementa ved å ta med oss deler av arbeidet med Storyline ut.

## **2.4 Kunnskapsløftet**

Målet for utdanningsreforma Kunnskapsløftet som vart sett i verk i grunnopplæringa hausten 2006, er at alle elevar skal utvikle grunnleggjande ferdigheiter og kompetanse for å kunne ta del i kunnskapssamfunnet. Norsk skule skal vere ein inkluderande skule med plass for alle (Møller & Sundli, 2007). ”Skulen og lærebedrifta skal fremje tilpassa opplæring og varierte arbeidsmåtar”(punkt 6 i Læringsplakaten (Møller & Sundli, 2007, s. 48) og (Kunnskapsdepartementet, 2006, s. 31)). Storyline-metoden utfyller måla i Kunnskapsløftet sin generelle del (Nygaard, 2008).

### **2.4.1 Aktuelle læreplanar**

Vi har her plukka ut nokre punkt frå læreplanverket sin fjerde del, læreplanar for alle fag, kompetansemål etter 7.trinn. Desse læringsmåla vart oppfylt ved gjennomføring av utviklingsarbeidet vårt:

#### Læreplan i samfunnsfag:

Historie: ”...bruke omgrepet periode og vise samanhengar mellom fortida og notida ved å plassere ei rekkje historiske hendingar på ei tidslinje.” ”...skape forteljingar om menneske i fortida og bruke dei til å vise korleis menneske tenkjer og handlar ut frå samfunnet dei lever i.” ”...fortelje om hovudtrekk ved samfunnsutviklinga i Noreg frå vikingtida til slutten av dansketida, og gjere nærare greie for eit sentralt tema i denne perioden.”

Geografi: ”...forklare samanhengar mellom naturressursar, næringar, busetnad og levevis.”

Læreplan i kunst og handverk: ”...montere utstillingar og andre presentasjonar i ulike type rom.” Praktisk skapande arbeid i verkstadane med å gi form til opplevingar og utvikle produkt står heilt sentralt i faget.

Læreplan i mat og helse: Eleven skal kunne vurdere, velje og handle miljøbevisst. ”...lage mat frå ulike kulturar” ”...lage mat i naturen og bruke naturen som ressurs.” ”...tilberede og spise måltider saman på ulike læringsarenaer.”

Læreplan i musikk: ”...gjenkjenne musikk frå historiske hovudepokar i kunstmusikken.”

Læreplan i norsk: ”...lytte til andre, uttrykke og grunngi egne standpunkt og vise respekt for andre i ulike språkroller gjennom rollespel og drama, opplesing, intervju og presentasjonar.” ”...presentere eit fagstoff munnleg med mottakarbevisstheit med eller utan hjelpemiddel”. ”...bruke ulike lesestrategiar tilpassa formålet med lesinga.” ”...bruke oppslagsverk og ordbøker” (Kunnskapsdepartementet, 2006).



## 2.5 Aktuelle teoretikarar i samband med storylinemetoden

Det er mange teoretikarar og teoriar som kan koplust til metoden Storyline. Under dette avsnittet vil vi sjå på kva slags teoriar og teoretikarar dette hovudsakleg gjeld. Vi ser først på dei grunnleggjande tankane i eit historisk perspektiv, før vi går nærare inn på dei enkelte teoriane. Nokre teoretikarar vert berre nemnde kort, medan nokre vil vi utdjupe meir.

Ideologisk kan storylinemetoden plasserast i den lange rekkja av forsøk på å leggje til rette opplæringa med utgangspunkt i eleven sine føresetnadar, erfaringar og interesser. Ideane er veldig gamle og har faktisk røter i antikken og i europeisk filosofi frå 1700-talet. Johan Amos Comenius (1592-1679) var ein av dei første teoretikarane som sa at *”elever sjølv skal undersøge tingene, de skal uophørligt søge, opdage, arbejde og drøfte på grundlag af deres eget initiativ”* (Falkenberg & Håkonsson, 2000, s. 52). Jean-Jacques Rousseau (1712-1778) bekrefta den personlege erfaringa si betyding om lag hundre år etterpå. Han sa at erfaring går framfor undervisning. Dette viser at erfaringspedagogikken er viktig. Vi kan også seie at læraren og eleven står saman om oppgåva (Falkenberg & Håkonsson, 2000). Meir konkret kjenner vi det frå førre hundreår sin utdanningsfilosofi, kanskje spesielt med tankar som John Dewey utvikla og sette i system. Han ynskte å bringe skulen sitt innhald over til å stemme meir overeins med røyndommen, og å basere undervisninga på måtar barn lærer på. *”Barn har ifølge Dewey størst utbytte både faglig og sosialt når de er aktive deltakere i eit læringsfelleskap der de kan påvirke av beslutninger som angår dem, og der de kan prøve og feile innenfor trygge rammer”* (Sandal, Storhaug, & Stålsett, 2009, s. 168). Skinner står for påskjønningsteorien, også kjend som behaviorisme. Å lære noko, er en prosess kor åtferda vert endra steg for steg frå aktuell åtferd til ønska åtferd. Denne teorien svarar til den moderne oppstilling av mål og delmål, men handlar spesifikt om åtferda. I samanheng med storyline jobbar vi steg for steg med forteljninga (Falkenberg & Håkonsson, 2000).

Det er i første rekkje Dewey sine tankar som støttar opp under Storyline - metoden. Piaget, Vygotsky og Bruner sine teoriar er og aktuelle å knyte til metoden, og desse fire teoriane vel vi å sjå nærare på.

**John Dewey** (1859-1952) blir først og fremst sett i samanheng med aktivitetspedagogikken, som seier at barnet må vere aktivt for å lære noko. Det var langt frå han som fann den opp, den har røter heilt attende til Aristoteles, men Dewey gav den eit nytt filosofisk grunnlag (Imsen, 2007). John Dewey er også grunnleggjar av erfaringspedagogikken. Han peikar på utfordringar via problemløysing. Då går ein frå det abstrakte mot det konkrete. Eleven skal kombinere det sanslege, opplevingar og eigne erfaringar. Dewey har fokus på samanhengen mellom tanke og handling. Han har sagt at: *”Al tænkning er forskning, og al forskning er oprindelig og original for den, der utøver den, sel om alle andre i verden allereie kender det, han søger”* (Falkenberg & Håkonsson, 2000, s. 53). Dewey seier at handling må ha ein hensikt: Kva, korleis og kvifor. (Jordet, 2010). Storylinemetoden er i høg grad bygd på Dewey sine tankar.

Dewey seier vidare at erfaring og aktivitet er viktig for at det skal skje læring. Dewey såg på læring som ein konstruksjon og deretter rekonstruksjon av sine erfaringar. Han seier at vegen til utvikling går gjennom elevane sine eigne, aktive erfaringar. Det å modellere, lage noko,

undersøkje og eksperimentere var aktivitetsformer han fann verdifulle. Det mest berømte slagordet hans er "learning by doing". Han meinte også at heile oppsedinga har som sikte å skape eit betre samfunn, og i den samanheng står omgrepet demokrati sentralt. Gjennom det å leve i eit fellesskap der kvar og ein må ta omsyn til dei andre i handlingane sine, lærer elevane noko om gjensidigheit og respekt som grunnlag for demokratisk liv (Imsen, 2007).

Grunnleggjande pedagogisk tenking seier at elevane lærer noko ved å gjere det (Falkenberg & Håkonsson, 2000). Essensen i desse teoriane er at tileigninga av kunnskap er ein aktiv og skapande prosess der vi konstruerer kunnskapen vår i samspel og dialog med andre (Sandal, Storhaug, & Stålsett, 2009). Det konstruktivistiske læringssynet står sentralt i Storyline-metoden

**Jean Piaget** (1896-1980) var den mest sentrale representanten for kognitiv konstruktivisme. Han ser på mennesket som eit aktivt og skapande vesen på to plan. For det første på eit ytre motorisk plan, ved at mennesket handterer med og manipulerer den fysiske verda. Dette er grunnlaget for aktiviteten på det indre psykiske plan. Omverda har ein innverknad på skapingsprosessen til mennesket og teorien til Piaget oppfordrar til aktivitetspedagogikk. Piaget si pedagogiske målsetjing er klar: *"Han vil skape mennesker som er i stand til å gjøre nye ting og ikke bare gjenta hva andre har gjort før. Han vil skape kritiske mennesker som kan motstå vår tids slagord, kollektive meninger og ferdiglagde tanker"* (Imsen, 2006, s. 242). Elevane må få høve til å bli medkonstruktørar av sin eigen kunnskap. Når dei ikkje får gammal kunnskap til å falle på plass saman med ny kunnskap, skjer det læring ved at "skjemaet" vert forandra, det skjer ein akkommodasjon. Akkommodasjon er altså å revidere sine oppfatningar (Imsen, 2006).

**Lev Vygotsky** (1896-1934) hørde også til i den konstruktivistiske tradisjonen. Han er einig med Piaget at kunnskap ikkje finst i seg sjølv, uavhengig av mennesket, men som ein konstruksjon i hovudet til mennesket. Men medan Piaget ser på læringsprosessen som eit resultat av eit samspel mellom det einsame individet og det materielt fysiske univers, så ser Vygotsky på læring som ein sosial prosess, altså noko som skjer saman med andre. Denne retninga vert kalla sosial eller sosiokulturell konstruktivisme. I motsetning til Piaget, er Vygotsky altså mindre interessert i kva barnet kan åleine, men meir i kva barnet kan klare med hjelp og støtte frå andre. Vygotsky si "oppskrift" er samspel og aktivitet. Vygotsky utvikla teorien om den proksimale utviklingssona. Det er nivået mellom grensa for kva eleven klarer med hjelp og støtte, og kva eleven kan klare aleine. (Imsen, 2006).

Vygotsky meinte vidare at språket er vår viktigaste reiskap i denne prosessen, først og fremst talen (Imsen, 2006). Språket er viktig, fordi det er tenkinga sin sosiale reiskap, og det tyder at det er samanheng mellom språk og tenking. Eit anna viktig poeng i Vygotsky sin teori som har stor pedagogisk interesse er at fordi utviklinga går frå det sosiale til det individuelle, er det slik at barnet er i stand til å utføre ei handling i samspel med andre før det er i stand til å utføre den aleine. Læringa skjer i denne utviklingssona (Falkenberg & Håkonsson, 2000).

**Jerome S. Bruner** (1915 -) hevdar at det viktigaste for elevane er å lære korleis ting heng saman, frå hand og auge til forstanden. Den faglege essensen er i sentrum, samstundes som han gir tilkjenne reformpedagogikken sin bodskap om aktivitet og røynsle. Etter Bruner sitt

syn skal elevane lære å ”undre seg”. I staden for å lære innhaldet skal ein lære korleis ein kan finne svar på spørsmål. Dette vert kalla ”learning by discovery”. (Imsen, 2007).” Knytt til Vygotsky sin teori om den proksimale utviklingssona utvikla Bruner omgrepet ”Scaffolding”. Den skulle gje uttrykk for den støttande undervisninga i den proksimale utviklingssona. Den støttande undervisninga skal bli gitt av vaksne, eller andre som har meir kunnskap på området enn eleven. Det er viktig at elevar får hjelp og støtte til å kome vidare når dei ikkje klarer å løyse problemet på egen hand. Samtidig er det viktig at dei ikkje får for mykje hjelp slik at de blir passive. Hensikta er at dei sjølve skal konstruere sin egen kunnskap, ved hjelp av støttande vegleiing. (Imsen, 2006).

Bruner hevdar også at ”*språk og tenkning er uløselig knyttet til hverandre*” og ”*at språket er det redskap som befri tenkningen fra ytre stimuli. Det er språket som gjør det mulig å tenke abstrakt, selvstendig og kritisk*” (Imsen, 2006, s. 282). Bruner skisserte spiralprinsippet. Med det meiner han at det er ei parallell utvikling av faglege omgrep og eleven si tenking. (Imsen, 2007). I denne samanhengen kan vi seie at Bruner argumenterer sterkt for å bruke forteljinga og det narrative meir systematisk i alle fag i skolen. Storylinemetoden med sin bruk av narrative verkemiddel er ein måte i bringe forteljinga tilbake til opplæringa (Sandal, Storhaug, & Stålsett, 2009).

Essensen i desse teoriane er at tileigninga av kunnskap er ein aktiv og skapande prosess, der elevane konstruerer kunnskap i dialog og samspel med andre. Undervisning som tek barna sine førestillingar og intuisjonar på alvor oppnår ofte betre resultat enn ved meir tradisjonell undervisning. (Sandal, Storhaug, & Stålsett, 2009) Dette er i tråd med Storyline - modellen sine hovudprinsipp.

## **2.6 Rammefaktorar**

Den svenske pedagogen Ulf P. Lundgren (1942 - ) sin rammefaktorteori hevdar at undervisninga ikkje kan utformast gjennom læraren sine frie val. Det finst ei rekkje rammer og hindringar læraren må tilpasse seg (Imsen, Lærerens verden, 2007). Forhold som verkar inn på undervisninga er både pedagogiske, administrative, ressursmessige, organisatoriske rammer, og rammer knytt til elevane og deira kulturbakgrunn. I høve samarbeid med skulen og gjennomføringa desse to dagane, var det ikkje alle desse rammene vi fekk erfaring med. Aktuelt for oss var likevel klassestørrelse, tilgjengelegheit til kontaktlærer og faglærer og deltakinga til faglærer på utviklingsarbeidet. Reint bygningsmessig fekk vi erfare ein skule der alle spesialrom er tekne i bruk til ordinær undervisning. Dette gav stramme rammer for korleis vi kunne realisere prosjektet. Ved bruk av skulekjøkkenet måtte vi bytte rom med ein annan klasse. Utstyr til læremiddel verka elles rimeleg godt oppdatert. I samfunnsfag nytta klassen læreverket Midgard, nyaste versjon.

Angående dei sosiale forholda og den kulturen som rår på personalrommet og ved skulen som heilskap er inntrykket vi sit att med at her var eit godt klima mellom alle dei vi møtte. Vi som studentar vart tatt godt imot både av lærarar og elevar. Sentrale moment her er skulen si leiing og kva slags klima som rår mellom lærarar (og andre tilsette) og mellom lærarar og elevar. Klassen vi var i verka som ein ”gjennomsnittleg” klasse. Det var ingen alvorlege funksjonshemmingar eller alvorlege diagnosar på nokon av elevane.

## 2.7 Den didaktiske relasjonsmodellen

Didaktisk relasjonstenking er namnet på ein modell, formulert av Bjørndal og Lieberg i 1978, for planlegging av undervisning. Modellen byggjer på ideen om at det er ein samanheng mellom mål, innhald i faget, læringsaktivitetar, vurdering, elev- og lærarføresetnadar og materielle føresetnadar. Grunnlaget for modellen er tanken om at det eksisterer ei gjensidig binding mellom alle desse faktorane, men ein kan ikkje seie kva som er årsak og kva som er verknad. Vi kan sjå på denne relasjonstenkinga som ein kombinasjon av tradisjonell normativ didaktikk og rammefaktorteorien. Dette er ein funksjonell planleggingsmodell fordi den er enkel og tydeleg (Imsen, 2007).

## 3. Metode for informasjonsinnhenting og observasjon

### 3.1 Val av metode til PU – arbeidet vårt

Utifrå problemstillinga har vi valt å nytte ein kombinasjon av kvantitative og kvalitative metodar. Grunnen til kombinasjonen er at vi treng informasjon som kan vise fellestrekk hos fleire personar som har vore med i undersøkinga, samstundes som vi er ute etter andre personar sine meiningar og opplevingar i høve problemområdet (Holme & Solvang, 1996).

#### 3.1.1 Spørjeskjema

Vi har nytta spørjeskjema med både opne og lukka svaralternativ i høve til elevane. Ved å bruke spørjeskjema med plass til at dei kan kommentere og grunngje svara sine, oppnår vi eit visst kvalitativt preg på innhenta data. Samstundes er det ein viss fare for at dei lukka svaralternativa våre vart noko upresise. Vi nyttar difor begge typar svaralternativ for å styrkje sjansen for at den innhenta informasjonen vert mest mogeleg utfyllande og sannferdig (Dalland, 2008).

#### 3.1.2 Observasjon

*”Observasjon gir oss mulighet til med egne øyne å se hvordan mennesker handler og samhandler, og hvordan de forholder seg til sitt fysiske miljø”* (Dalland, 2008, s. 161).

Observasjon kan fortelje oss kva handlingar/samhandlingar elevane gjer, noko som kan vere ulikt det elevane seier at dei gjer. Vi valde ei tilnærming med relativ høg strukturering. Det vil seie at vi på førehand hadde bestemt oss for kva vi skulle sjå etter. Vi ville prøve å finne svar på problemstillinga vår og underspørsmåla til den. Sidan dette er ganske vide og opne spørsmål meiner vi at tilnærminga vår likevel er nærast ein kvalitativt orientert observasjon. Karakteristiske aspekt ved den er at ein søker å oppnå ei heilskapsforståing av det som vert observert og at den rettar seg meir mot relasjonar og samspel mellom menneske enn mot enkeltpersonar. Vidare at den er prosessorientert. Den ser på den prosessen individet er i og prøver å skildre utviklingsprosessar for å få djupne og forståing for dei fenomen som vert studert. Den har også bevisstheit om eiga rolle i observasjonen. Her gjeld det at heilskapen er meir enn summen av delane. Observasjonen gjeld heile menneske, og forhold mellom individ og omgjevnader (Dalland, 2008).

## 4. Tilrettelegging på førehand

Vi tilbød arbeidsmetoden til skulen. Både vi og skulen meinte det ville vere mest relevant i høve til seinare utøving av læreryrket at vi fann eit emne frå fagplanane til gruppa vi skulle vere i. I lærarrettleiinga til samfunnsfagboka på 7. steget var Storyline nemnd som ein aktuell metode, så det vart bestemt at vi skulle vere på dette trinnet. Emnet vi fekk tildelt var frå mellomalderen i Noreg. Det tok utgangspunkt i svartedauden, tida etterpå, og Noreg under Dansk styre.

Vi var på skulen to dagar i oktober og utførte prosjektet vårt. Noko av det vi tenkte å ta med i gjennomføringa var å lage mellomaldermat . Slik kunne vi også trekkje inn læringsmål frå mat og helse. Vi valde å leggje arbeidet til tida før, under og rett etter svartedauden. Vi henta inn informasjon om metoden og utarbeidde eit opplegg for gjennomføringa. Ein viktig faktor var og å skaffe fram rikeleg med bøker som elevane kunne finne informasjon om den aktuelle tidsepoken. Bygdebok for Gloppen var ei av desse.

## 5. Gjennomføring

### 5.1 Den praktiske gjennomføringa

Veka før gjennomføringa, var ein av studentane på besøk i klassen. Ho ønskte å danne seg eit bilete av gruppa. Samstundes delte ho ut skjema for innhenting av løyve til å bruke elevsvar og bilde i rapporten. Ein student kjenner gruppa godt, medan den tredje studenten ville møte elevane for første gong under gjennomføringa. Dagen før gjennomføringa jobba vi saman med tilrettelegging av klasserom, og leita fram materiell til arbeidet.

Gjennomføringa av sjølv utviklingsarbeidet føregjekk to påfølgjande skuledagar i haust, sidan studentane er busette på ulike stader i fylket. Alle elevane var til stades både første og andre dag. Ein viktig reiskap vi brukte i gjennomføringa var skjemaet vi hadde laga med oversikt over arbeidet (vedl.1). Dette gav vi også til øvingslæraren så det skulle vere greitt for han å vurdere arbeidet vårt. Dette vedl.et gir utfyllande informasjon om detaljane i gjennomføringa, så vår omtale her vert litt meir overflatisk. Vi ser også litt på erfaringane vi gjorde og eventuelle grep vi måtte ta for endringar undervegs i dette kapittelet.

**Første dagen** starta vi med å samle elevane i ring for å presentere oss for kvarandre. Denne formasjonen gjer at alle kan sjå kvarandre, og er ein vanleg metode i gruppa. Vi presenterte oss på ein ny måte, men i ein likevel kjend kontekst. Dette såg vi på som viktig for å skape gode og trygge relasjonar i gruppa. Vidare laga vi ei tidslinje på golvet inne i ringen der mellomalderen vart sett inn i ein større samheng, og plassert i høve til notida.

Storylinemetoden vart også presentert kort. Her valde vi å utelate teorien bak modellen, då vi fann det mest naturleg at elevane skulle *erfare* metoden undervegs. Til slutt let vi elevane få lytte til musikk frå mellomalderen. Den musikken nytta vi også inn imellom i det vidare arbeidet for å skape stemning.



Bilde av tidslinja på golvet

Etter eit lite friminutt sette vi elevane i gong med å leite etter informasjon og skaffe seg kunnskap. Kvar gruppe skulle lage sin eigen familie i mellomalderen og skrive biografkort. Dette skulle vi henge opp på ei veggavis etterkvart. Kvar elev skulle lage sitt familiemedlem i ulike materialar, og gje det eigenskapar utifrå nøkkelspørsmåla. Nøkkelspørsmåla til dei ulike emna hadde vi skrive ut og laminert til små ”spørjekort”. Spørsmåla var dei same som står i skjemaet i vedl.1. Idear til desse spørsmåla hadde vi teke frå *Variert undervisning –mer læring* (Repstad & Tallaksen, 2006, s. 82)(vedl.8). Nokre elevar hadde vanskar med å kome i gong. Dette trur vi var på grunn av at arbeidsforma med at elevane skulle søkje etter informasjon sjølve var ny for elevane. Ein annan grunn til ”startvanskane” kan vere at dei

fekk alle spørsmåla om familien ut samstundes. Kanskje vart det for mykje å halde styr på for nokre? Trass i desse små problema var det gode diskusjonar i gruppene, og med litt rettleing frå vaksne kom arbeidet i gong.

Elevane vart ikkje ferdige med arbeidet vi hadde planlagt før matfriminuttet. Vi bestemte difor å halde fram med å arbeide med stoffet økta etterpå, og heller ta den planlagde presentasjonen (sjå vedl.1) i etterkant. Vi såg at det vart knapp tid til både innhenting av kunnskapar og til å lage personane ferdige i den førre timen. For å kompensere for denne situasjonen som hadde oppstått tok vi bort dei 3 siste spørsmåla vi hadde planlagt til denne økta. Slik vart arbeidsmengda høveleg i forhold til tida vi hadde tilgjengeleg før presentasjonen for dei andre i klassen.

Etter at elevane hadde arbeidd ei stund med spørsmåla såg vi at dei byrja å bli slitne. Dei hadde no halde på med same type arbeid nokså lenge. For å gje dei ein liten pause og for å samle nye krefter sette vi på musikk og dansa jenka rundt i klasserommet saman med dei. Dette var svært overraskande for elevane, men dei oppførte seg eksemplarisk, og kom fort på plass og fortsette med det faglege arbeidet etterpå. No var dei tydeleg meir fokuserte enn før dette fysiske avbrekket




Elevane arbeider med å skape sine familiemedlemmer

Vi la fram kriteria for framføring rett før presentasjonen til elevane (vedl.2). Det vi la best merke til under presentasjonen var at nokre elevar tok meir ansvar enn andre. Nokre var litt ukonsentrerte og deltok mindre munnleg. Vi fikk seinare vite at presentasjon i grupper var noko nytt for elevane. Desse variasjonane var kanskje naturlege ut frå elevane sine

føresetnader og veremåte og innanfor det ein kan forvente i ein slik situasjon. Etter presentasjonen fekk kvar gruppe ei lekse. Dei skulle finne svar på nokre spørsmål til neste dag. Desse spørsmåla (vedl.3) vart knytt opp til det dei hadde presentert for klassen.

Siste timen jobba vi vidare med å finne svar på nye spørsmål knytt til svartedauden. For å setje elevane inn i hendinga viste vi først ein film og andre interaktive læremiddel som var knytt til læreverket, og var å finne på heimesida til skulen. Denne økta arbeidde elevane eksemplarisk med oppgåvene. No var dei komne inn i arbeidsforma, og arbeidde ivrig trass i at vi hadde halde på med same stoffet/metoden heile dagen. Det såg også ut som at gruppene hadde funne sine arbeidsformer og greidde å fordele oppgåver seg imellom. Dette til tross for at vi hadde valt å setje gruppene tilfeldig saman av dei som ikkje hadde kjennskap til elevane på førehand.

Heilt til slutt hadde vi sett av litt tid til undervegsvurdering. Då bad vi elevane om å svare følgjande punkt: "Kva har du lært i dag?" og "Kva tykkjer du om Storyline-metoden så langt?" Vi hadde bevisst valt å ha opne spørsmål der elevane kunne svare med eigne ord. Slik fikk vi kvalitative vurderingar tilbake. Desse elevsvara kan lesast i sin heilskap i vedl. nr 4.



Veggavisa første dagen.

Etter at elevane var gått heim hadde vi ei oppsummering saman med faglærar. Først tok vi ein rask gjennomgang av elevane sine vurderingar. Desse var gjennomgåande positive. Øvingslæraren meinte opplegge så langt såg ut til å fungere etter intensjonane, og gjennomføringa hadde gått nokolunde greitt. Justeringane vi hadde gjort undervegs gjorde at vi kom i mål med dagen, så dei var heilt på sin plass. Han hadde innvending mot oppstarten. Han meinte at vi kanskje kunne hatt Storyline -presentasjonen før tidslinja. Det ville kanskje gje betre oversikt over korleis metoden er for elevane? Det er noko vi får ta med oss til seinare.

Vi planla også nokre detaljar i høve til neste dag. Vi bestemte at vi vil lage måltid og fest ute, trass i at det ikkje var så gode vêrmeldingar. Vi valde å leggje denne hendinga til



Karnilstunet. Dette fordi der er det tillaga bål plass i tunet, og høve til å gå under tak om veret vert dårleg. Tunet ligg i gåavstand frå skulen og der er tilkomst med bil. Øvingslærer tok kontakt med Stiftinga Karnilstunet og avtala bruk av tunet og ei gamal stove. Dette tunet ligg ved Karnilshaugen, ”(også kalt «**Tinghaugen på Hauge**»), er en tinghaug lokalisert på gården Hauge. Den var over ti meter høy, med en diameter på rundt 55 meter. Dette gjør haugen til Vestlandets største menneskebygde tinghaug, og blant de ti største haugene i Norden” (<http://no.wikipedia.org/wiki/Karnilshaugen>).

Å knyte saman arbeidet vårt med denne staden fann vi relevant i høve til emne og lokalmiljø. Det er og med på å oppfylle kunnskapsløftet sine punkt vedrørende uteskule og nærmiljøskule. For å få matlaginga mest mogleg autentisk skulle vi gjerne hatt ein vedfyrt omn. Dette lukkast vi ikkje å få tak i, så då tykte vi grua i ”Karnils” var ei god erstatning



Elevar ved grua i Karnilstunet.

Seinare på dagen handla vi inn varer til neste dag og utforma evalueringsskjema til bruk neste dag (vedl.5). Varene fekk vi dekkja av skulen.

**Andre dagen** starta vi med å repetere tidslinja. Vi utfordra elevane til sjølv å plassere årstal, konkretar og illustrasjonar på linja. Denne vrien overraska elevane, og det var stor skilnad på korleis dei meistra utfordringa. Nokre ville gjerne delta, medan andre viste tydelege teikn på at dei ikkje ville plassere noko på golvet. Var dei redde for å ta feil, kunne det vere eit signal på utryggleik i høve til oss som var nye, eller er dette normale variasjonar ein alltid må rekne med?

Vi fortsette med oppsummering frå førre dag, presentasjon av svartedauden og gjennomgang av lekser. Dei fleste framførte fint og i tråd med kriteria som vi repeterte frå førre dag. Det var noko ulikt kor mykje elevane hadde arbeidd med lekser. Nokre hadde arbeidd godt og skaffa

seg mykje informasjon om emnet. Andre hadde ikkje teke ansvar, då dei meinte det var nok at ”nokre andre” i gruppa hadde funne svar på oppgåvene dei hadde fått, og slik var *gruppa* sikra svar på oppgåvene.

I neste arbeidsøkt hadde vi teke med oss nødvendig utstyr og litteratur og flytta oss til skulekjøkkenet. Dette fordi vi i slutten av økta skulle forberede eit måltid som vi skulle lage ute. Dette som ein liten fest og ei avslutning og oppsummering på arbeidet. Elevane fekk først i oppgåve å finne ut kva mat menneska brukte i mellomalderen, for etterpå å dele kunnskapane med kvarandre. Sidan vi hadde flytta oss til skulekjøkkenet erfarte vi at dårleg nettkapasitet i denne delen av bygningen gav oss vanskar med å logge på nettet. Løysinga vart at dei måtte bruke meir bøker for å finne det dei leita etter. Resultatet vart som forventa, dei fann ut at mykje av maten dei hadde i mellomalderen var lik med den vi har i dag, - med unntak av at dei ikkje hadde poteter. Det elevane var mest overraska over å finne, var at dei brukte mykje krydder og kvitlauk også på denne tida. Det kunne virke som om mange av elevane trudde det var noko nytt. Dette hadde også vi funne ut (på førehand), og hadde laga ein meny og oppskrifter (vedl.6) utifrå denne kunnskapen.

Etterpå kutta elevane opp alt vi trengde til gryta vi skulle koke. Gruppene fekk kvar sine grønnsaker som dei reinska, kutta i terningar og putta i posar. Alle elevane var ivrige, og forventningane til turen ut såg ut til å stige. Medan elevane hadde friminutt gjorde vi klar det vi trengde og elevane hjelpte til å bere det ut i ein bil. Etter matfriminuttet samla vi elevane og gjekk til Karnilstunet medan ein av dei vaksne køyrde utstyret ned. I ”Karnils” vart elevane igjen delte i grupper. På grunn av veret og avgrensa tid hadde vi avtala at øvingslærer tok ansvar for bålet. Elevane var med å laga gryta, fylte eple, laga mjøl og deig til hellebrød.



Vi ventar på at maten skal bli ferdig.

Det tok litt lenger tid enn rekna med å få nok varme i bålet til både å koke gryta og til å steikje brød på båletakka. Dette vart medverkande til at nokre fann på andre ting medan dei venta. Litt venting vart det og for å male korn til hellebrøda.

Sidan det bles og regna litt, lånte vi ei gamal stove i tunet til matøkta. Der rigga elevane til langbord og dekkja til fest. Litt forsinka kunne vi samle oss kring bordet og nyte den gode maten elevane hadde stelt i stand saman med oss. Alle elevane likte maten, og vi hadde eit triveleg bordsete. På slutten av måltidet hadde vi ei oppsummering av det dei hadde lært om mellomalderen i Gloppen, og dei fylte ut evalueringsskjemaet før vi rydda opp etter oss og vende tilbake til skulen, litt etter at skuledagen var over.



Bordsete i "Gamlestova"

Også denne dagen hadde vi ei nyttig oppsummering saman med faglærar. Kort kan vi oppsummere at vi var einige i at elevane hadde vore flinke å ta utfordringane vi gav dei. Dei var gjennomgåande positive til opplegget, og ingen hadde protestert på noko. Det fann vi positivt sidan det har vore erfart før at fleire i denne gruppa kan protestere i fleire ulike samanhengar. Angående leksearbeidet var vi meir undrande til kvifor fleire av elevane hadde overlete dette til andre i gruppa.

## 5.2 Vurdering av gjennomføringa.

Rammene for gjennomføring gjorde at vi måtte jobbe samanhengande med metoden i to påfølgjande skuledagar. Allereie første dagen såg vi at dette vart vel intenst. Elevane gav oss også tilbakemeldingar på dette, noko vi vil kome nærare inn på under punkt 6.1 *Resultat frå*

*undervegsvurdering*. Andre dagen fikk vi likevel større variasjon, sidan vi då både var inne og ute. Arbeidet med emnet på klasseromma hadde vore intenst, og elevane gav tydelege signal på at det var godt med forandring. Det aller beste hadde nok vore å "spreie" arbeidet med Storyline meir utover. Hadde alle studentane budd nærare praksisskulen kunne vi mest truleg hatt gjennomføringa annleis.

Kva meiner så øvingslæraren om metoden? Han er positiv til denne måten å arbeide på og ser tydeleg at elevane har tileigna seg mykje kunnskap ved å arbeide slik. Han signaliserer og at dette var ein metode han har tenkt på å gjennomføre, men på grunn av manglande erfaringar med metoden frå før har han vore avventande. No seier han at han vil bruke metoden i sitt vidare virke. Vi spurde om han meiner at elevane var *meir* aktive og engasjerte ved å arbeide slik enn det han opplever i andre samanhengar? "Eg trur nok elevane var meir uthaldande i denne samanhengen. Dette fordi det var ein meir variert og utfordrande måte å jobbe på. På grunn av at metoden er arbeidskrevjande vil eg nok tenkje at to gonger i skuleåret er det som er høveleg. Det er ein god måte å variere undervisninga på".

Angående sjølve metoden oppsummerte vi at både ved uteskule og innandørs undervisning er det ein klar fordel å leggje arbeidet til kortare økter, og fordele det utover ein lenger periode. Dette er også i tråd med korleis arbeidsmetoden vert beskriven i faglitteraturen. Alt sett under eitt vart det ei god erfaring for oss å prøve ut metoden.

## 6. Drøfting, analyse og observasjonar

Som utgangspunkt for å kunne svare på problemstillinga om Storyline stimulerer til aktiv læring, kjem vi nedanfor til å presentere dei mest sentrale data som vi fekk ut av undervegsvurdering og evalueringsskjema frå elevane og observasjon.

### 6.1. Resultat frå undervegsvurdering

I undervegsvurderinga seier alle elevane at dei har lært noko etter første dag. *Kva* dei seier at dei har lært varierer ein del. Ti elevar nemner ulike sider ved middelalderen som dei har lært noko om. Ein elev kommenterer det med innhenting av informasjon: "*Eg har lært at det er litt vanskeleg og finne ut korleis dei levde i 1348*". Ein elev har kommentert læringsmiljøet: "*Eg har lært at samarbeid er bra*". Vi ser at elevane har møtt ulike utfordringar første dagen, men dei har møtt utfordringane på ein positiv og konstruktiv måte.

Når det gjeld kommentarar til metoden etter første dag, så har alle tolv elevane svara noko positivt. To av elevane seier i tillegg at det var litt lenge med Storyline ein heil dag. Også her kjem det kommentarar på samarbeid frå to elevar: "*Når vi sitt ilag er det lett å jobbe*" og "*Den var bra kjekt og jobbe med andre*". Desse tibakemeldingane tyder at Storyline-metoden har mykje positivt med seg slik elevane ser det. To av elevane kommenterer at det har vore intenst å arbeide slik ein heil dag. "*Eg lærde masse, men å sitte saman å jobbe på denne måten ein heil dag var litt lenge*". "*Litt lang drøt, men og kjekk*" (ref pkt.5.2).

Alt første dagen erfarte vi at planane våre måtte justerast litt, etterkvart som arbeidet skreid fram. Dette tenkjer vi er naturleg, og noko ein alltid må vere budd på i arbeid knytt til undervisning.

## 6.2. Resultat frå evalueringsskjema

I evalueringsskjemaet skriv alle elevane at undervisninga desse to dagane har vore annleis enn det dei har vore vant med, og heile ti elevar har kryssa av på ”stor forskjell”!(oversikt og statistikk over elevsvara: vedl.7).

Spørsmål 2: Vi ser at elevane har likt godt denne typen undervisning. Heile 8 elevar har kryssa av for mykje godt eller svært godt. Dei fire andre har kryssa av for godt. Elles har nesten halvparten av elevane sagt at det å jobbe i gruppe er bra på ulike vis. Nesten halvparten har likt undervisninga desse dagane fordi dette har vore ei avveksling frå den vanlege undervisninga. Dette tyder at metodeveksling er viktig for å auke aktiviteten blant elevane.

Dei har også likt oppgåvene dei har fått. Alle elevane har på dette spørsmålet svara godt, mykje godt eller svært godt. Når det gjeld sjølv læringa, så meiner alle at denne metoden er ein god måte å lære på. Gledelig! Elleve av tolv kan tenkje seg å arbeide slik med andre emne òg. Til sist, men ikkje minst; ALLE meiner at metoden kan vere med på å gi eit positivt læringsmiljø i klassen!

Spørsmål 3: Dei har også likt oppgåvene dei har fått. 7 har svara godt og 5 har svara mykje godt eller svært godt. Elles ser vi at gutane er meir positive enn jentene, på godt svarar 1 gut godt, og 6 jenter godt. Ingen jenter svarar svært godt. Om dette har noko tyding er vanskeleg å seie, men det er eit interessant funn.

Svara viser at alle elevane likte oppgåvene og har tydeleg hatt det triveleg. Medan nokre har spesifisert svara tydelegare som: ”*Det var gøy å late som vi var i Middelalderen.*” og ”*Eg likte spesielt det der vi måtte skrive om ”Kvifor vi overlevde svartedauden”*”.

Spørsmål 4: Spørsmålet om dei synest at studentane har formidla framgangsmåten, fekk gjennomgåande positivt svar.

Spørsmål 5: Elevane vart spurt om eigen innsats, og dei fleste svara at dei var fornøgd med eiga innsats medan nokre få seier dei kunne gjort meir. Dette kan tyde at dei kan vurdere eigen innsats, og det er bra med omsyn til framtidig ansvar for eiga læring.

Spørsmål 6: Elevane vart spurt om dei likte arbeidsmetoden. og alle har svar ja! Omlag halvparten av elevane likar gruppearbeid samarbeid godt. Nokre liker arbeidsmetoden, fordi det gir variasjon, og nokon seier dei lærer betre. Dette vidarefører inntrykket vi fekk om at desse dagane var positive for alle elevane.

Spørsmål 7: Når det gjeld sjølv læringa, så meiner alle at denne metoden er ein god måte å lære på. Gledelig! Elleve av tolv kan tenkje seg å arbeide slik med andre emne òg.

Spørsmål 8: Til sist vart elevane spurt om metoden kunne vere med å gi eit positivt læringsmiljø. Også på dette spørsmålet fekk vi eit unisont ja!. ALLE meiner at metoden kan vere med på å gje eit positivt læringsmiljø i klassen!, ved å krysse av for ”ja”. Kor vidt alle har ei fullgod forståing av spørsmålet kan ein lure på. På grunngevinga på ”Kvifor?” ser vi at tolkinga av læringsmiljø er noko ulik. Ein elev grunnjev svaret med ”Det var ein

læringsmiljø”. Andre seier ”*Fordi mange barn ville like den og då blir dei litt meir stille*”, og ”*du lere veldig bra og fort...*”

Ikkje alle hadde svara med heile og forklarande setningar på grunngevinga til kvifor dei svara det dei gjorde. Nokre berre svarar med eit ord som ”*faga*” og ”*moro*”. Mange svarar ”*det var gøy*”. Her ser vi klart eit betringspotensiale for dei fleste i gruppa. Dei treng å bli bevisste på at dei skal svare med heile setningar.

### **6.3 Svar på underspørsmål**

Her vil vi først kontrollere om vi har funne svar på spørsmåla våre knytt til problemstillinga vår. *Vert det tilpassa opplæring utifrå ulike læringsstilar og evnenivå?* Elevane starta med å innhente informasjon utifrå det kunnskapsnivået dei var på, og på den måten dei valde sjølve. Nokre føretrakk å bruke PC for å søkje etter informasjon, og nokre valde å leite i bøker og oppslagsverk. Elevane hadde stor fridom i korleis dei ville arbeide. På dette grunnlaget kan vi seie at opplæringa blir i alle fall til ei viss grad tilpassa den enkelte elev utifrå læringsstilar og evnenivå. Vi såg også at dei frie arbeidsformene kunne vere utfordrande for elevar med vanskar i å strukturere seg. Kanskje dette kan vere ei utfordring når ein er åleine og skal leie ein slik prosess? Å finne direkte svar på dette spørsmålet i evalueringa er vanskelig, men dei fleste elevane svarer at dei var nøgde med undervisninga og likte storymetoden, fordi det vart enklare og ein ny måte å lære på

*Verkar det motiverande for elevane å arbeide slik?* Utifrå tilbakemeldingar frå elevane i undervegsvurderinga og evalueringa kan vi lese at dei har funne det motiverande å arbeide etter denne metoden.. Ein elev seier det slik i undervegsvurderinga si: ”*Storyline er en ganske god metode for å lære ting, og det at det er gøy gjør at det blir ekstra gøy og informasjonen sitter godt!*” (vedl.4). I evalueringa vart det sagt at gruppearbeid og samarbeid var bra. Det verka som ein ny metode å jobbe på var motiverande.

*Kan Storyline vere med på å fremje eit positivt læringsmiljø?* I og med at dei aller fleste kommenterte at det var positivt med samarbeidet i modellen meiner vi at denne metoden kan vere med på å fremje eit positivt læringsmiljø. Undervegs i arbeidsprosessen må elevane ta stilling til kvarandre sine innspel, og dei må løyse utfordringar som gruppe. Vi meiner elevane viste respekt for kvarandre , og det såg ut som alle sine forslag vart vurdert seriøst i gruppa. Vi tek med at klassen ikkje har jobba så mykje i grupper, og at den munnlege framføringsmåten i grupper var ny for dei. Likevel meistra dei oppgåvene bra.

*Vil elevane undre seg undervegs i prosessen, eller vil dei ”vente på å få svara” slik dei kanskje er vane med??* Det opplevde vi til ei viss grad angående lekser dei fekk mellom dagane. Då var det nokre elevar som ikkje tok ansvar for å finne svar på oppgåvene. Dei meinte ”*nokon andre*” i gruppa ville finne svara. Elles verka det som om alle elevane arbeidde seriøst med å finne svar på nøkkelspørsmåla som dei fekk undervegs i arbeidet. Alle var aktive og søkte etter informasjon for å skaffe seg kunnskap. På summinga og diskusjonane rundt om i gruppene kan det verke som at arbeidet resulterte i undring og ny lærdom.

Utifrå tilbakemeldingane frå elevane kan vi lese at alle elevane har likt denne arbeidsforma godt, trass i at den var til dels svært ulik deira vanlege arbeidsformer.

#### **6.4 Variasjon av arbeidsmetodar**

To arbeidsmønster dominerer undervisninga i teorifaga i skulen: gjennomgåing/presentasjon av fagstoff på tavla, eventuelt kombinert med dialog med heile klassen, og individuelt arbeid. (Imsen 2006). Imsen peikar likevel på at gruppearbeid er blitt meir populært. Ein grunn til dette, meier ho, er at det har skjedd ein del metodisk utviklingsarbeid i skulen, særleg i samband med tilpassa opplæring. Dei gjennomgåande positive tilbakemeldingane vi har fått, få denne elevgruppa, tyder på at variasjon av arbeidsmåte og arbeidsmetode er viktig. Dette har vi også grunngeve ut frå teori. Det vesle avbrekker med jenka rundt i klasserommet viste oss at det er viktig å bryte opp med ein annan aktivitet dersom elevane arbeider lenge med same arbeidsmetode eller oppgåve. Dette stimulerer til betre konsentrasjon og læring. Vi såg også kor viktig det var med variasjon av læringsarena, då vi tok med elevane ut den andre dagen. Arbeidet var intenst, og det var godt å skifte rammer for undervisninga den siste arbeidsøkta.

Målet med dette pedagogiske utviklingsarbeidet var å auke kunnskapen vår kring emnet Storyline og finne ut om Storyline stimulerer til aktiv læring. Bruk av forteljingar i opplæringa og sosialisering av barn og unge er den eldste forma for undervisning. Forteljinga er fundamentale reiskap for menneskehjernen når han skal hanskast med å organisere erfaringar (Ruth Sandal, 2009). Målet med å ta elevane ut å lage middelaldermat var å bruke ein anna læringsarena og på same tid utvide elevane sin erfaringsdanning som ein integrert del av opplæringa. Dette er i tråd med Dewey, for han meinte at elevar og lærarar skulle operere saman også utanfor klasserommet slik at dei fekk felles opplevingar og erfaringar. (Jordet, 2010).

#### **6.5 Observasjonar**

Under gjennomføringsdelen har vi allereie kommentert nokre observasjonar. Første dagen såg vi som sagt, at nokre elevar trengte tid og litt ekstra rettleiing for å komme i gong. Det tenkje vi er ganske naturleg med ein ny arbeidsmetode. Vidare måtte vi minne nokre få elevar om å halde fokus på det faglege. Her var nok situasjonen vår litt spesiell. Med 4 vaksne på 12 elevar var det ikkje rom for mange "sprell". Dette er, som tidlegare nemnt, ein elevaktiv metode. Det å skulle vere så aktiv, var nok også litt uvant. Eit døme på det var frå repetisjonen av tidslinja andre dagen. Nokre ville gjerne delta, medan andre viste tydelege teikn på at dei ikkje ville plassere noko på golvet. Var dei også redde for å ta feil eller kunne det vere eit signal på utryggleik i høve til oss som var nye? Kanskje er dette normale variasjonar ein alltid må rekne med?

Når ein er ute, kan kanskje enkelte elevar tenkje at her er det litt "friare". Igjen var det nokre få som måtte minnast på oppgåvene dei hadde fått, men stort sett gjekk undervisninga som planlagt. Det verka som at dei fleste elevane fekk litt ekstra "giv" når dei kom ut.

## 7. Oppsummering og konklusjon

Vi vil vende tilbake til nokre framtrekande likskaps punkt mellom Dewey, Vygotsky og Piaget sine tenkingar. For det er i denne samanheng vi finn grunnlaget for det pedagogiske budskapet om Storylinemetoden sine kvaliteter. Det desse kunnskapsteoriane framhevar er faktorar som verksemd, aktivitet, eiga erfaring og arbeid som er vesentlege føresetnader for barn si læring. Storylinemetoden sin pedagogiske budskap har grunnlag i Dewey, Vygotsky og Piaget sin tenking (Falkenberg & Håkonsson, 2000). Metoden er altså godt forankra i teori og læreplanverk.

Storylinemetoden er i tråd med Dewey sin elevorientert pedagogikk, fordi metoden har/lagar relasjon mellom tema og eleven si erfaring. Lukkast ein med å forandre lærestoffet i eleven si erfaring, vil opplæringa bli meir jordnær og forståeleg. Dette er viktig for at elevane skal kunne oppleve mening og verte motiverte for å delta i si eiga læring (Jordet, 2010). Ved å nytte Storyline-metoden har vi sett at ein får aktivisert større deler av sanseapparatet til elevane enn ved tradisjonell tavleundervisning. Det kan og sjå ut som, at ein får betre høve til å tilpasse undervisninga til den enkelte sin læringsstil. Dette ved at elevane gjer seg nytte av ein del andre metodar *samstundes* som elevane samarbeider.

I starten av oppgåva stilte vi følgjande spørsmål: ”Stimulerer Storyline til aktiv læring?”, og det har vi fått eit unisont Ja! på, i evalueringane til elevane. I gjennomføringa såg vi at alle elevane var aktive, motiverte og dei jobba godt. Gjennom analyse av data har vi fått svar på spørsmåla vi stilte valde i problemstillinga vår.

Vi stilte også nokre underspørsmål vi gjerne ville finne svar på. Vert det tilpassa opplæring ut ifrå ulike læringsstilar og evnenivå? Dette har vi fått stadfesta at det blir, gjennom evaluering og observasjon. Eit anna spørsmål er: Verkar det motiverande for elevane å arbeide slik? Elevane har svara i evalueringa at dei har likt å jobbe i grupper, og det har gitt dei arbeidsglede å jobbe saman med kvarandre. På same tid har elevane funne fleire måtar å arbeide på. Kanskje dei har veksla mellom gamle og nye læringsstilar? Så lurte vi på om Storyline ville fremje eit positivt læringsmiljø. Dette spørsmålet fekk også positivt svar! Klasse jobba veldig bra, og det var ei god og roleg stemning medan dei jobba. Til slutt lurte vi på om elevane vil undre seg undervegs i prosessen, eller vil dei ”vente på å få svara ”slik dei er vane med. Dette spørsmålet er kanskje det som er mest vanskeleg å få gode svar på. Vi har nemnt arbeidet med leksene tidlegare i rapporten. Der viste elevane at dei handterte oppgåva ulikt. Ut frå dette kan vi vel seie at på den korte tida vi hadde til rådvelde, fekk vi ikkje alle til å undre seg like mykje.

Ved å nytte Storyline-metoden har vi sett at ein får aktivisert større deler av sanseapparatet til elevane enn ved tradisjonell tavleundervisning. Det kan og sjå ut som at ein får betre høve til å tilpasse undervisninga til den enkelte sin læringsstil, *samtidig* som at elevane samarbeider, enn ved ein del andre metodar.

God undervisning krev mange tilnæringsmåtar. Ein tilnæringsmåte vert Storyline-metoden. Den kan vere eit godt supplement i ein lærar si verktøykasse. Metoden gjev fleire moglegheiter til å oppfylle læreplanen, Kunnskapsløftet sine utfordringar (Eik, 1999). Denne metoden har vi no skaffa oss erfaring med, og vi har funne ut at metoden er solid forankra i



teorien. Den er tverrfagleg, og ut frå tilbakemeldingane frå elevane verkar den motiverande. Dette treng ikkje å bety at alle andre grupper vil ta i mot metoden på same måten. Det er sannsynlegvis avhengig av elevsamansetning og andre føresetnader. Dette er viktig kunnskap å ta med seg vidare.

**Arbeidet med dette utviklingsarbeidet har vore meiningsfullt og lærerikt. Vi har inspirert andre til å ta i bruk metoden, og vi vil heilt sikkert bruke metoden vidare i vår eigen praksis som lærarar! Vi har sett at Storyline stimulerer til aktiv læring!**

## 8. Litteraturliste

Aasebø, H., & m.fl. (2000-2002). *Pedagogisk utviklingsarbeid, Korleis kan storyline bidra til å påvekra motivasjonen for læring?* Sogndal: Høgskulen i Sogn og Fjordane, Avdeling for lærarurdanning, PPU deltid.

Buli-Holmberg, J., & Ekeberg, T. R. (2009). *Likeverdig og tilpasset opplæring i en skole for alle*. Oslo: Universitetsforlaget.

Dalland, O. (2008). *Metode og oppgaveskriving for studenter*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Eik, L. T. (1999). *Storyline*. Tano Aschehoug.

Eik, L. T., & Fauskanger, J. (2003). *Storyline for mellomtrinnet*. Universitetsforlaget.

Falkenberg, C., & Håkonsson, E. (2000). *Storylinebogen - en håndbog for undervisere*. Kolding: Kroghs Forlag A/S og Jørn Thomsen Offset A/S.

Holme, I. M., & Solvang, B. K. (1996). *Metodevalg og metodebruk*. Tano Aschehoug.

Imsen, G. (2006). *Elevens verden*. Oslo: Universitetsforlaget.

Imsen, G. (2007). *Lærerens verden*. Oslo: Universitetsforlaget.

Jordet, A. N. (2010). *Klasserommet utenfor*. Cappelen Damm AS.

Kunnskapsdepartementet. (2006). *Læreplanverket for kunnskapsløftet*. Oslo: Utdanningsdirektoratet.

Møller, J., & Sundli, L. (2007). *Læringsplakaten skolens samfunnskontrakt*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Nygaard, W. (2008). *Lærerveiledning Midgard*. H. Aschebhoug & Co.

Repstad, K., & Tallaksen, I. M. (2006). *Variert undervisning - mer læring*. Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.

Sandal, R., Storhaug, M., & Stålsett, U. (2009). *Veiledning i tilpasset opplæring*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke.

Solstad, A. G. (2005). *Storyline-en strategi for aktiv læring og tilpasset opplæring*. Bodø: Høgskulen i Bodø.

Utdannings- og forskningsdepartementet. (2004). *Kultur for læring*.

<http://storyline.prosjekter.linpro.no/kvikompkurs/hvaerstoryline>, lese 03.09.2010, kl 19:25.

<http://no.wikipedia.org/wiki/Karnilshaugen>, lese 04.11.2010, kl 11:40.

<http://www-lu.hive.no/storyline/>, lese 04.011.2010, kl 17:18.

## 9. Sjølvvalt pensum

Falkenberg, C., & Håkonsson, E. (2000). *Storylinebogen - en håndbog for undervisere*. Kolding: Kroghs Forlag A/S og Jørn Thomsen Offset A/S, s. 29-48, s. 123-129.

Repstad, K., & Tallaksen, I. M. (2006). *Variert undervisning - mer læring*. Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS, s 82-83.

Sandal, R., Storhaug, M., & Stålsett, U. (2009). *Veiledning i tilpasset opplæring*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad og Bjørke, s. 144-172.

## 10. Oversikt over vedlegg.

Vedl. nr 1: Storylineskjema Nordstranda.

Vedl. nr 2: Kriterium for framføring.

Vedl. nr 3: Lekser.

Vedl. nr 4: Elevsvar i undervegs - vurderinga.

Vedl. nr 5: Evalueringsskjema.

Vedl. nr 6: Oppskrifter.

Vedl. nr 7: Statistikk ang. evaluering.

Vedl. nr 8: Utdrag frå: Kari Repstad / Inger Margrethe Tallaksen: *Variert undervisning –mer læring*. Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS, 2006,

Vedl. nr. 1 Storylineskjema Nordstranda

KAPITTEL	NØKKELSPØRSMÅL	AKTIVITET	ORGANISERING	MATERIALE	PRODUKT
Innleiing  START  DAG 1  8.30- 9.15		Lærerstyrt:  Helse på klassen, elevene presentere seg. Presentere oss.  Tidslinje – tidfeste mellomalder + svartedauden.  Finne ut kva dei veit om mellomalderen.  Presentere Storylinemetoden +	Plenum    Helse i ring; A    Heile klassa, leia av vaksen, skriv på flip-over; J  Dele elevane i grupper;K	    Matr. til tidhjul steiner+tidskonkreter    Flip-over m tusjar.	Tidsforståing          Oversikt over kva elevane kan om emnet

Lage familie 9.30-10.40	Korleis var ein familie i mellomalderen i Gloppen?  Kvar bur dei? Korleis bur dei?  Korleis såg dei ut? Kva heiter dei? Kor gamle er dei?  Kva for eigenskaper og interesser hadde desse menneska?  Trur de at borna gjekk på skule?	Ei gruppe=ein familie  Alle elevar skal lage kvar sin person i familien, og personen skal vere realistisk og tidsriktig.  Skrive biografikort om kvar person.	Kvar elev utformer kvar sin person i grupper.  Vaksne A3 Barn A4  Dele ut kort med spørsmål til gruppene	Papp, papir, skrivesaker, lim, stoff, fargar, oppslagsverk, PC	Lage mellomalderfolk/ Mellomalderfam i gruppa  Kvar elev lagar "sitt" familiemedlem.  Lage biografikort som beskriv personen utifrå spørsmål
KAPITTEL	NØKKELSPØRSMÅL	AKTIVITET	ORGANISERING	MATERIALE	PRODUKT
11.30-12.15		Presentasjon av familiane	Gruppevis, med hjelp av vaksen leiar; K  Lekser vert gjevne undervegs om emner der vi ser at gruppene kan trenge meir kunnskap  15 min pr gr.	Stort ark på veggen til å lime opp det dei har laga og skrive  Blutec/limstift	Veggavis/Collage

<p>Livet i Gloppen</p>	<p>Kva trur de dei levde av på denne staden?</p>	<p>Lage ei veggavis om livet på garden i seinmellom-alderen</p>	<p>Gruppearbeid, elevaktiv</p>	<p>Gråpapir 2,5x1,5 m Flipover?</p>	<p>Veggavis med glimt frå Gloppen i seinmellomalderen.</p>
<p>12.15- 13.00</p>	<p>Kva slags yrker trur de menneska hadde?</p>	<p>Kvar gruppe lage sin eigen familie i papp (personane skal vere realistiske)</p>		<p>Tusj, fargeblyantar  Kartong, tekstilar, garn</p>	
	<p>Kvifor trur de at dei har busett seg akkurat her?</p>	<p>Elevane er sjølve ansvarlege for å skaffe seg informasjon</p>		<p>Lærebok, andre bøker, pc</p>	
	<p>Korleis var arbeidsforholda?</p>				
	<p>Kva gjer dei iløpet av ein dag?</p>				
	<p>Korleis var skilnaden mellom menn og kvinner, born og vaksne?</p>				

Vi skreiv opp oppgåvene vi gav munnleg under presentasjonen, og delte ut til gruppene etter friminuttet.

KAPITTEL	NØKKELSPØRSMÅL	AKTIVITET	ORGANISERING	MATERIALE	PRODUKT
Svartedauden 13.15-13.45	<p>Kva skjedde under svartedauden?</p> <p>Korfor overlevde alle dykk?</p> <p>Korleis var helsevesenet?</p> <p>Kvifor vart svartedauden så dramatisk?</p> <p>Kva gjorde dei med dei daude?</p> <p>Korleis vart livet i Noreg etter svartedauden?</p>	<p>Vise film ++ frå lærebokressursen på skulen si heimeside.</p> <p>Interaktive figurar fortel om kva som hende</p>	<p>Fyrst felles formidling av kunnskap.</p> <p>Etterpå arbeid i grupper for å lære meir om emnet.</p>	Som tidlegare	Veggavis
13.45-14	<p>Avrunding av dagen</p> <p>Rydding</p>	<p>Oppsummering</p> <p>Evaluering</p>	<p>Skrive 2 spm på tavla. Elevane svarar skriftleg med eigne ord</p>	Papir/blyant	Innhenta info om dagen

KAPITTEL	NØKKELSPØRSMÅL	AKTIVITET	ORGANISERING	MATERIALE	PRODUKT
8.30-9.15 DAG 2		Elevane rekonstruerer tidslina  Oppsummering frå forrige dag.  Presentasjon av Svartedauden og av lekser	I ring  Gruppevis fram og presentere for dei andre		Meir informasjon på veggavisa
9.30-10.10	Ernæring:  Kva slags mat hadde dei i mellomalderen sin?  Korleis kokte/steikte dei maten sin?  Kva dyrka dei fangst, jakt?  Kva handla dei, og kvar?		Arbeide i gruppene 30 min 10 min fortelje til kvarandre kva dei har kome fram til.	PC, bøker  Skrivesaker.  Hengje opp på veggavis resultat  (Vi samla inn svara då veggavisa hang på klasserommet)	
10.10-10.45  10.45		Forberede måltid med mellomaldermat  Måltid	I grupper på kjøkkenet	Ingrediensar til måltid, eiga liste	Middelaldergryte, hellekake og bakte epler
KAPITTEL	NØKKELSPØRSMÅL	AKTIVITET	ORGANISERING	MATERIALE	PRODUKT



11.30-13.45		<p>Gå ut til bålplass i Karnils-tunet</p> <p>Lage mat på bål</p> <p>Male korn med steinar til hellebrøda</p> <p>Fellesmåltid</p> <p>Rydde etter oss</p>	<p>To bilar køyrer det vi treng dit vi skal vere. Dei andre går ned til tunet.</p> <p>10 min</p> <p>Lagar gryta saman.</p> <p>Gruppevis tillaging av epler og deig til brød.</p>	<p>Stor panne, båltakke, kjøkenreiskapar</p> <p>Oppskrifter</p> <p>Dekketøy</p> <p>Serviettar</p> <p>Stearinlys</p>	<p>Middelaldergryte</p> <p>+</p> <p>Hellebrød</p> <p>Steikte epler til dessert</p>
13.45		<p>Evaluering</p>	<p>Elevane får kvar sitt skjema til å svare på</p>	<p>Spørjeskjema</p> <p>Blyant/penn</p> <p>Vedlegg nr 5</p>	<p>Evaluering av metode og opplegg</p>

## Kriterium for munnleg framføring

Munnleg presentasjon av til resten av klassen:

- elevane må snakke høg og tydeleg
- elevane skal stå vendt med ansiktet mot klassen
- elevane skal vise eventuelle produkt slik at alle kan sjå dei
- elevane skal leve seg inn i historia så godt dei kan

## Lekser til neste dag

### Lekse til tysdag, gruppe 1

Finne ut kva som er "byen" (handelssenteret) i 1348?

Korleis kom dei seg dit?

Kor lang tid tok det "å reise til byen"?

### Lekse til tysdag, gruppe 2

Kva slags grønnsaker dyrka de?

Kva fangstreiskapar hadde dei på land og på sjøen?

Kva er / var dei vanlege fiskeslaga i Gløpefjorden?

### Lekse til tysdag, gruppe 3

Kva var vanlege å "kjøpe" i 1348, som de ikkje kunne dyrke sjølve?

Kva slags pengar hadde dei?

Kva var måle-einingane for volum, lengde og vekt?

Evaluering på slutten av 1. dagen med storyline. Vi bad elevane svare med eigne ord på følgjande:

1. Kva har du lært i dag?
2. Kva tykkjer du om Storyline-metoden så langt?

## OPPGAVER

Eg har lært om middelalderen i  
Gloppen. Vilke kleder dei brukar og  
kass mat dei dyrker. Eg har og  
lært litt om kor svartedauden  
kjem ifrå.

2) Det er fin den. Det var lett å  
lære med den og den var effektiv.  
Litt lang drøyt, men og kjekt

D Eg har lært at det er litt vanskeleg  
og finne ut korleis dei levde i 1348

2) Den er ganske bra og bruke og  
den er sann passe enkel.

① Om Svarte dauden og  
Middel alderen

② Eg syns metoden fungerer fint

\* I dag har eg lært litt  
meir om korleis dei levde  
under Middelalderen, og  
eg har lært meir om  
Svartedauden. Det var  
gøy å lage en familie  
som budde under Middelalderen. ↗

\* Eg syns at å jobbe på  
denne måten var både  
positivt og negativt.  
Eg lærde masse, men å  
sitte sammen å jobbe  
på denne måten ein  
heil dag var litt lenge.  
Ellers var det berre positivt!

1) Eg har lært korleis dei budde  
i middelalderen og korleis dei  
kvitta seg med lika under  
svartedauden.

2) Eg synest det var ein  
grei metode å jobbe på.

1. Eg har lært litt av hvert egentlig. Om korleis dei levde i middelalderen, korleis dei arbeida. Også lærte eg masse om SVARtedavden, noko so eg syns er veldig spennande og arbeide med.

Storyline er en ganske god metode for å lære ting, og det at det er gøy gjør at det blir ekstra gøy og informasjonen sitter godt!

1 svartedavden var ein forferdeleg pest. Du måtte jobbe masse når du bodde på gard. (Alle måtte bidra)

2 Eg syntest det var ein veldig bra lære metode. Når vi sitt ilag er det lett å jobbe.

1. barn og mellomalderen

2. Det objekt lære med gruppene og alt det andre.

- 1 Eg har lært at Svartedauden var ein styg sjukdom
- 2 Eg synst at det var Bra.

1/ eg har lært ~~at~~ korleis dei levde i 1348.

2/ eg syntes det var ein veldig go måte å jobbe på.

1. Eg har lært om Middeltalderen og Svartedauden.

2. Den var bra kjekt og jobbe med andre.

OPP DRÅ VER

1 Kva har eg lært  
Eg har lært at somanarbeid er bra

2 Den var kjempe bra og kjekt.

EVALUERINGSSKJEMA

Gut                       Jente

1. Føler du at undervisninga desse to dagane har vore annleis enn det du har vore vant med?

Uendra     Litt annleis     Ein del annleis     Stor forskjell   
Heilt ulikt

Kva har eventuelt vore annleis? \_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_

2. Kor godt har du likt undervisninga desse to dagane?

Dårleg     Lite godt     Godt     Mykje godt     Svært godt   
Kvifor \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_

3. Korleis har du likt oppgåvene du har fått desse to dagane?

Dårleg     Lite godt     Godt     Mykje godt     Svært godt   
Kvifor \_\_\_\_\_

\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_

4. Korleis synest du vi studentane har formidla framgangsmåten?

\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_

5. Kor nøgd er du med eigen innsats desse to dagane?

\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_



6. Føler du at denne arbeidsmetoden er ein god måte å lære på?

Ja       Nei

Kvifor \_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_

7. Kan du tenkje deg å arbeide slik med andre emne òg?

Ja       Nei

Kvifor \_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_

8. Kan denne metoden vere med på å gje eit positivt læringsmiljø?

Ja       Nei

Kvifor \_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_

## Oppskrifter på mellomaldermat

### Mellomaldergryte

1 kg lammekjøtt

1 stk mørpølse

1 dusk persille

1 purre

1 kvitkål

1 kålrot

1 kg gulrøtter

½ sellerirot

3 fedd kvitlauk

Smak til med pepper og salt

Del lammekjøttet, kok i bitar med bein for å få god kraft. Kok i 20 min. Del pølsa i bitar og ha i gryta. Hakk persille, del grønnsakene i terningar og ha i gryta. La alt koke til grønnsakene er møre. Serverast med hellebrød.

### Hellebrød:

1 dl kveite heilkorn (må knusast)

1 dl kveitemjøl

¼ ts salt

1 dl vatn

Bland alt til ei deig. Klapp til flate kaker, steik på bålpanne eller flat stein i bålet.

### Steikt eple:

Ta ut kjernen av eplet Fyll eplet med rosiner, kanel og brunt sukker. Pakk inn i folie, legg inn i glørne.

## EVALUERINGSSKJEMA MED DIAGRAM OG SVAR

I gruppa er det 4 gutar og 8 jenter. Svara til alle elevane er samla her.


1. Føler du at undervisninga desse to dagane har vore annleis enn det du har vore vant med?

Uendra  Litt annleis  Ein del annleis  Stor forskjell   
Heilt ulikt

### Kva har eventuelt vore annleis?

Måter vi jobbar på; faga; alt; læremetoden osv; at vi var ute og lagde mat på bål; Det å late som man er en familie; Vi jobba i gruppe meir; Moro, at vi var ute og lagde mat på bål; Framføring; lage mat på Karnils; grupper& tallinje m. steina; Jobbe i gruppe; Vi satt i grupper 4&4 og vi laga "familie"; Ja, men det funkara bra.

	Uendra	Litt annleis	Ein del annleis	Stor forskjell	Heilt ulikt
<b>Gut</b>				3	1
<b>Jente</b>			1	7	




**2. Kor godt har du likt undervisninga desse to dagane?**

**Dårleg**       **Lite godt**       **Godt**       **Mykje godt**       **Svært godt**

**Kvifor** \_\_\_\_\_

for det var bra gruppe eg kom på; Det var morosamt; fordi vi har fått jobba i grupper; læremetoden osv; Det var litt morsomt og lage familie og sånt; \_ fordi det var kjekt; Fordi det var ganske gøy, og en god læremetode; Vi jobba i gruppe meir; Vi fekk jobbe ilag så det blei lettare; fordi det var kjekt; fordi vi fekk prøve nye ting & jobbe litt i grupper; fordi vi har jobba ilag med kvarandre; Fordi det var ein annleis måte å lære på og ein fin avveksling frå den vanlege skuledagen .

	Dårleg	Lite godt	Godt	Mykje godt	Svært godt
<b>Gut</b>				1	3
<b>Jente</b>			4	3	1




**3. Korleis har du likt oppgåvene du har fått desse to dagane?**

Dårleg  Lite godt  Godt  Mykje godt  Svært godt

Kvifor\_

Det var kjekt; Det var morsomt og kjekkt; Det var gøy; Eg likte spesielt det der vi måtte skrive "Kvifor vi overlevde svartedauden"; Det var heilt okei; Veit ikkje; å at det har vore kjekt; fordi vi måtte samarbeide for å få det til; fordi dei hadde god vanskelighetsgrad; Det var gøy å late som om vi var i Middelalderen; Vi jobba godt i gruppene; Svært godt; Godt; eg veit ikkje; Det var morosamt; eg veit ikkje; Det var morosamt; Det var moro.

	Dårleg	Lite godt	Godt	Mykje godt	Svært godt
Gut			1	1	2
Jente			6	2	



**4. Korleis synest du vi studentane har formidla framgangsmåten?**

Det var moro; Bra; To av dei var veldig flinke, ein av dei var ikkje so flink; Eg synest det har god ganske bra; veldig bra; Veit ikkje; svært godt; veldig bra; Syntes dette gjorde de bra; Grei måte; Bra; OK; På ein bra måte.

**5. Kor nøgd er du med eigen innsats desse to dagane?**

Veldig bra; Ja, OK; Eg er veldig fornøgd med det eg har gjort; veldig bra; Syntes eg jobba effektivt!; Bra kunne jobba fortere; Nei, heilt ok; Heilt OK!; Gjorde bra, kunne gjort det betre; veldig fornøgd; Ganske nøgd; Trur eg jobba bra.


**6. Føler du at denne arbeidsmetoden er ein god måte å lære på?**

Ja       Nei

**Kvifor –**

ro for vi satt i gruppe; fordi vi jobbar i grupper; Fordi vi gjer på meir enn å bere sitte i ro ; fordi den er morsom og enkel å lære på; det var enkelt; Fordi det er gøy; gjør at informasjonen sitter godt; Lettare og forstå ting; Mykje god trening, fordi det var ganske enkelt å lære; vi får jobbe litt i grupper å det er bra; fodi vi jobbar ilag og fordeler oppgåver; I staden for å puggelese i ei bok fekk vi gå ut å jobbe på ein annan måte.

	NEI	JA
Gut		4
Jente		8




**7. Kan du tenkje deg å arbeide slik med andre emne òg?**

Ja       Nei

**Kvifor** \_\_\_\_\_

for det var moro; Det var morosamt; Fordi det var kjekt ; fordi den er morsom og enkel å lære på; det var veldig avansert; Fordi det hadde vært gøy!; Det var bra; Morosamt; fordi det var kjekt, men ikkje i to dagar; fordi det va annleis; Framføring er bare kjekt ilag!; fordi vi jobba ilag; Det hadde vore gøy i f. eks. naturfag.

	NEI	JA
Gut		4
Jente	1	7




**8. Kan denne metoden vere med på å gje eit positivt læringsmiljø?**

Ja       Nei

**Kvifor** \_\_\_\_\_

Det var ein læringsmiljø; eg veit ikkje; Fordi mange barn ville like den og då blir dei litt meir stille; ja; du lere veldig bra og fort; Det kan eg ikkje heilt forklare; Det var gøy ;moro; Du lærer veldig bra; prøve nye ting; det var kjekt; På denne måten var vi sosiale mens vi lærte.

	NEI	JA
Gut		4
Jente		8





Utdrag frå: Kari Repstad / Inger Margrethe Tallaksen: *Variert undervisning –mer læring*.  
Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS, 2006, side 82 og litt på s 83, (fra\*).

## Storyline

”Storyline er en tverrfaglig undervisningsform. Man arbeider med ulikeemner gjennom en oppdiktet fortelling (story). Fortellingen forankres på et bestemt sted og tid. Læreren bruker såkalte nøkkelspørsmål til å angi retning på arbeidet og drive det videre.”

Hvordan bruke dette i praksis?

Eksempel på nøkkelspørsmål til Storyline.

Ramme: Arbeiderfamilie i Oslo i 1911

Kva lever folk av?

Kva gjer dei på i løpet av ein dag? På skulen, i arbeid, heime og i fritida?

Er det forskjellar på mann/kvinne, vaksne/barn?

For å bli kjende med personane i familien kan vi spørje;

Kva heiter dei? Kor gamle er dei?

Kva likar dei å gjere?

Korleis ser dei ut? Korleis er dei kledde? Kva et dei?

Kva slags liv lever dei i området?

Kva med naboar?

Korleis er helsevesenet? Korleis er skulen? Er det bank og post der?

Er det politisk og / eller religiøs aktivitet der?

Når elevane har blitt kjendt med familien og miljøet, kan læraren legge inn nye element.

For eksempel kan det kome besøk av ukjende mennesker til familien. Nøkkelspørsmåla kan då være:

Kva vil dei?

Har dei noko med politikk å gjere, kamp for arbeidsforhold, levekår, kvinners stemmerett?

Blir familien kasta ut av leiligheita?

Må dei flytte? Emigrere?

\*

Ein kan og legge inn ein fortsettelse. Korleis har denne familien det om 20 år? Korleis har dei det om 50 år?

Ved val av nøkkelspørsmål vil ein sjølvstøtt ta hensyn til klassetrinn og kva fag som skal vere med i det tverrfaglige opplegget

Elevrolle og lærarrolle:

---

”Når en bruker denne metoden er siktemålet å få aktive elever, både fysisk og mentalt. De skal få trening i å løse problemer, de skal få mulighet til å arbeide videre på grunnlag av det de allerede vet. De skal samarbeide og bruke sine kreative evner.

Læreren blir mest en leder og veileder, hun legger til rette for at det finner sted læring”

---

KAPITTEL	NØKKELSPØRSMÅL	AKTIVITET	ORGANISERING	MATERIALE	PRODUKT	FAGLIG FOKUS/MÅL	EVALUERING
Innleiing START DAG 1 8.30- 9.15		Lærerstyrt: Helse på klassen, elevane presentere seg. Presentere oss. Tidslinje – tidfeste mellomalder + svartedauden. Finne ut kva dei veit om mellomalderen. Presentere Storylinemetoden +	Plenum  Helse i ring; A  Heile klassa, leia av vaksen, skriv på flip-over; J Dele elevane i grupper;K	Matr. til tidhjul steiner+tidskonkret er  Flip-over m tusjar.	Tidsforståing  Oversikt over kva elevane kan om emnet	Sette tidsepokene i samanheng få oversyn.  Oppsummering/ bevisstgjeriing	Denne timen gjekk etter planen.  Tidsskjemaet heldt.  Vi viste ikkje film, men valgte å la dei lytte til musikk frå middelalderen i staden for. Film vert seinare på dagen.
Lage familie 9.30- 10.40	Korleis var ein familie i mellomalderen i Gloppen?  Kvar bur dei? Korleis bur dei?  Korleis såg dei ut? Kva heiter dei? Kor gamle er dei?  Kva for eigenskaper og interesser hadde desse menneska?  Trur de at borna gjeikk på skule?	Ei gruppe=ein familie  Alle elevar skal lage kvar sin person i familien, og personen skal vere realistisk og tidsriktig.  Skrive biografikort om kvar person.	Kvar elev utformer kvar sin person i grupper.  Vaksne A3 Barn A4  Dele ut kort med spørsmål til gruppene	Papp, papir, skrivesaker, lim, stoff, fargar, oppslagsverk, PC	Lage mellomalderfolk/ Mellomalderfam i gruppa  Kvar elev lagar "sitt" familiemedlem.  Lage biografikort som beskriv personen utifrå spm.	Historie: Forstå mellomalderfolk. Forstå korleis levkåra og kvardagen var til dei som levde på denne tida.  Kjenskap til samfunnet i Gloppen i 1348. Kjenskap til klesdrakter. Norsk: samansette tekstar KuHa: Veggavis/Collage	Burde hatt Storyline presentasjonen før tidslinja, ville kanskje gjeve betre oversikt over korleis <b>metoden</b> er.  Vanskar med å kome i gong, fekk for mange spm. Samstundes. Gode diskusjonar i gruppene, og med litt vegleiing frå vaksne kom arbeidet i gang

KAPITTEL	NØKKELSPØRSMÅL	AKTIVITET	ORGANISERING	MATERIALE	PRODUKT	FAGLIG FOKUS/MÅL	EVALUERING
11.30-12.15		Presentasjon av familiane	Gruppevis, med hjelp av vaksen leiar; K Lekser vert gjevne undervegs om emner der vi ser at gruppene kan trenge meir kunnskap 15 min pr gr.	Stort ark på veggen til å lime opp det dei har laga og skrive  Blutec/limstift	Veggavis/Collage	Formidling av kunnskapar til kvarandre. Vekt på munnleg presentasjon. Kriterier for framføringa gjort kjendt for elevane på førehand. Respekt for kvarandre	<b>Elevane var ikkje ferdige med arbeidet frå før frim. Vi bestemte difor å fortsette å arb med stoffet denne økta, og ta presentasjonen etterpå.</b>
Livet i Gloppen  12.15-13.00	Kva trur de dei levde av på denne staden?  Kva slags yrker trur de menneska hadde?  Kvifor trur de at dei har busett seg akkurat her?  Korleis var arbeidsforholda?  Kva gjer dei iløpet av ein dag?  Korleis var skilnaden mellom menn og kvinner, born og vaksne?	Lage ei veggavis om livet på garden i seinmellomalderen Kvar gruppe lage sin eigen familie i papp (personane skal vere realistiske) Elevane er sjølve ansvarlege for å skaffe seg informasjon	Gruppearbeid, elevaktiv	Gråpapir 2,5x1,5 m Flipover? Tusj, fargeblyantar Kartong, tekstilar, garn Lærebok, andre bøker, pc	Veggavis med glimt frå Gloppen i seinmellomalderen.	Elevane skal få innsikt i korleis det var å drive jordbruk og bu på ein gard på denne tida. Dei skal også få eit innblikk i levevis og kjønnsroller.	Førre arbeidsøkta vart det knapp tid til både innhenting av kunnskapar og til å lage personane ferdige.  Elevane fekk for mange spm samstundes fyrste økta.No tok vi bort dei 3 siste spm, og arbeidsmengda vart høveleg i forhold til tida vi hadde tilgjengeleg før pres.  Ein litt uvan situasjon å presentere som gruppe. Nokre tok meir ansvar enn andre. Nokre litt ukonsentrerte.

Vi skreiv opp oppgåvene vi gav munnleg under presentasjonen, og delte ut til gruppene etter friminuttet.

KAPITTEL	NØKKELSPØRSMÅL	AKTIVITET	ORGANISERING	MATERIALE	PRODUKT	FAGLIG FOKUS/MÅL	EVALUERING
Svartedauden 13.15- 13.45	<p>Kva skjedde under svartedauden?</p> <p>Korfor overlevde alle dykk?</p> <p>Korleis var helsevesenet?</p> <p>Kvifor vart svartedauden så dramatisk?</p> <p>Kva gjorde dei med dei daude?</p> <p>Korleis vart livet i Noreg etter svartedauden?</p>	<p>Vise film ++ frå lærebokressursen på skulen si heimeside.</p> <p>Interaktive figurar fortel om kva som hende</p>	<p>Fyrst felles formidling av kunnskap.</p> <p>Etterpå arbeid i grupper for å lære meir om emnet.</p>	Som tidlegare	Veggavis	<p>Lære om Svartedauden ved å finne kunnskapen sjølv etter at lærar har presentert emnet og gjeve retningsførande spm.</p>	<p>Denne økta fungerte fint. Elevane er komne inn i arbeidsforma. Gruppene har funne gode arbeidsformer, og elevane jobbar ivrige med stoffet.</p> <p>Gruppene var tilfeldig samansette, men elevane samarbeider godt.</p>
13.45-14	<p>Avrunding av dagen</p> <p>Rydding</p>	<p>Oppsummering</p> <p>Evaluering</p>	<p>Skrive 2 spm på tavla. Elevane svarar skriftleg med eigne ord</p>	Papir/blyant	Innhenta info om dagen	Vurdering	<p>Dette fungerte fint. Elevsvara er skanna inn og kan lesast i vedl nr 3</p>

KAPITTEL	NØKKELSPØRSMÅL	AKTIVITET	ORGANISERING	MATERIALE	PRODUKT	FAGLIG FOKUS/MÅL	EVALUERING
8.30- 9.15 DAG 2		Elevane rekonstruerer tidslina Oppsummering frå forrige dag. Presentasjon av Svartedauden og av lekser	I ring  Gruppevis fram og presentere for dei andre		Meir informasjon på veggavisa	Evna til å formidle kunnskapar. Munnleg presentasjon	Dei fleste framførte fint.noko ulikt kor mykje elevane hadde arbeidd med leksa. Nokre hadde ikkje teke ansvar då dei meinte det var nok at "nokre andre" i gruppa hadde funne svar på opg.
9.30- 10.10	Ernæring: Kva slags mat hadde dei i mellomalderen sin?  Korleis kokte/steikte dei maten sin?  Kva dyrka dei fangst, jakt? Kva handla dei, og kvar?		Arbeide i gruppene 30 min 10 min fortelje til kvarandre kva dei har kome fram til.	PC, bøker Skrivesaker.  Hengje opp på veggavis resultat (Vi samla inn svara då veggavisa hang på klasserommet)		Lære kva slags mat dei hadde i mellomalderen	Vi hadde no forflytta oss til skulekjøkkenet. Dårlig nettkapasitet i her gjorde at det vart vanskar med å finne info på nettet. Men dei fann svar på spm i bøker (og på nett).
10.10- 10.45  10.45		Forberede måltid med mellomaldermat Måltid	I grupper på kjøkkenet	Ingrediensar til måltid, eiga liste	Middelaldergryte, hellekake og bakte epler	-----"	Elevane var ivrige med denne Aktiviteten

KAPITTEL	NØKKELSPØRSMÅL	AKTIVITET	ORGANISERING	MATERIALE	PRODUKT	FAGLIG FOKUS/MÅL	EVALUERING
11.30-13.45		<p>Gå ut til bålplass i Karnils-tunet</p> <p>Lage mat på bål</p> <p>Male korn med steinar til hellebrøda</p> <p>Fellesmåltid</p> <p>Rydde etter oss</p>	<p>To bilar køyrer det vi treng dit vi skal vere. Dei andre går ned til tunet.</p> <p>10 min</p> <p>Lagar gryta saman. Gruppevis tillaging av epler og deig til brød.</p>	<p>Stor panne, båltaffe, kjøkenreiskapar</p> <p>Oppskrifter</p> <p>Dekketøy</p> <p>Serviettar</p> <p>Stearinlys</p>	<p>Middelaldergryte + Hellebrød</p> <p>Steikte epler til dessert</p>	<p>Lære korleis dei laga maten i tidlegare tider.</p> <p>Lage mat over open ild, (dei hadde ikkje straum)</p> <p>Ærnæring</p> <p>Lære korleis ein lagar mjøl (grovt)</p>	<p>Det tok litt tid å få nok varme i bålet til å både koke gryta og til å steikje på båltaffa.</p> <p>Nokre finn på andre ting medan dei ventar på tur for eksempel med å male korn til hellebrøda. Litt knapt med tid til å få alt ferdig til då vi må ete.</p>
13.45		<p>Evaluering</p>	<p>Elevane får kvar sitt skjema til å svare på</p>	<p>Spørjeskjema</p> <p>Blyant/penn</p> <p>Vedlegg nr 5</p>	<p>Evaluering av metode og opplegg</p>	<p>Vudere læringsutbytte av arbeidsmetoden, finne svar på ein del av spørsmåla vi har sett på ved utforming av PU arbeidet vårt</p>	<p>Vi hadde bestemt å vere ute med matlaginga trass litt dårlege veirmeldingar. Det var bra sidan vi hadde jobba intenst med emnet i 1,5 skuledag i førekant.</p> <p>Vi hadde skaffa oss avtale om å bruke ei gamal stove å ete i. Det vart avgjerande for eit kjekt måltid! Då regna det ute.</p>